

Skalden frå Sæheim

Det er gjerne lett å forestilla seg Johs. M.L. Rydland som den alvorlege leggpredikanten som ingen sans hadde for humor og det mest kvardagslege nære ting. Men i mange av dikta sine, spelar han nettopp på humoren. Han får fram det komiske, det lättelege. Men han skriv ikkje berre humoristiske dikt for humoren si skuld. Også i desse dikta finn me ein kjerne, eit alvorsord til ettertanke.

Det har før vore sagt at Rydland var mykje glad i heimegrenda si. Ikkje berre i naturen, men og i dialekten. Mange av dikta er skrivne på Seimsdialekt, og då helst den diktypen som me kan kalla dei litt ironiske og humoristiske. På den måten ville han koma kvardagslivet endå meir nær.

Rydland arbeidde mykje med dette. I ein samtale med Strilen for mange år sidan, klaga han over at det var så vanskeleg å finna bokstaveiteikn som dekkar det særmerkte tonefallet i Seimsdialekten. Og det var ofte endå vanskelegare å få trykkeria til å få det rett på prent. Kor ihuga

han arbeidde med dette, vart han aldri heilt nøgd.

I dag gjev me att diktet «Smågute-pøykane». Det har

tidlegare stått i Strilen. Men for mange av dei nye lesarane våre, er det kanskje ukjent.

Smågute-pøykane

Når smågute-pøykane bjønna te
ffjorast,
å kjakar å håke vårt græde tå dun
å måle so grøvt at æin gris
kudne rørust,
å råkjen i mo'n æ bort i mot
brun,

når tobakk å stekke dæi ha,
so jamt dæi æin røyk kadn søg
ta,
då hæng sigartøtt'n i monnvikjæ
sprætt'n
å pøykjen ser ut te å lika søg
bra.

Væl kjænde han åfta på
oppkast å spyå.
Avart opp i høve so onnalæ rar.
Mæn likavæl laut han då
bjønna på nyå,
so sant han vel ræknast før
fudlvaks'n kar.

Han går då før præst'n i år,
Balberte søg, jor'an i jår.
Jau, smågute-pøykjen æ gut'n i
røykjen.
Han slutta då skol'n hær tilæ i
vår.

Han væit at dæi hallvaksne guta
på gar'n
dæi badna å røkje å sputta so
långt.
Han ser da i hæimen tå brørna
å far'n,
før smågute-pøykjen lægg
mærkje te mångt:
Sjøl kvensfolk mæ røykpidn

han såg.
Ja, præst'n å dæktarn åg.
Når dæi kadn da jøra,
då vidle da væra
æi grøtelæ skabm om han
ætterpå låg.

JOHS. M.L. RYDLAND.

Strilen, onsdag 13. okt. 1976